



Holtardalen

Biologisk mangfold



Ragnhild Bjåen, 4755 Hovden i Setesdal

22.10.09



Kart over området (www.skogoglandskap.no)

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| Biologisk mangfold | 4 |
| Fakta | 4 |
| Innleiing | 4 |
| Samandrag | 4 |
| Metode | 5 |
| Klassifisering av vegetasjonstypar | 5 |
| Blåbærskog (A4)..... | 5 |
| Høgstaudebjørkeskog (C2) | 6 |
| Fattig fastmattemyr (K3)..... | 6 |
| Fattig mjukmatte / lausbotnmyr (K4) | 7 |
| Rabbevegetasjon | 7 |
| Grepelyng – lav / moserabb (R1) | 8 |
| Dvergbjørk – kreklingrabb (R2) | 8 |
| Truga og sårbare artar i Vinje | 9 |
| Truga eller sårbare artar i Vinje | 11 |
| Truga eller sårbare fugle- og dyreartar i Vinje | 11 |
| Verneområde og prioriterte naturtyper | 12 |
| Skildring av området | 12 |
| Sone 1: Blåbærskog av bjørk med innslag av gran | 12 |
| Sone 2: Gamal kulturmark / støyrl | 13 |
| Sone 5: Fattig fastmattemyr / sigevassmyr / grasmyr | 15 |
| Sone 6: Blåbærskog - høgstaudeskog | 15 |
| Sone 7: Fattig mjukmatte / lausbotnmyr | 16 |
| Resultat | 17 |
| Botanikk..... | 17 |
| Dyreliv | 19 |
| Drøfting | 20 |
| Kjelder og litteratur | 20 |

Biologisk mangfald

Analyse av Holtardalen, Rauland

Fakta

Område: Holtardalen, Rauland, Vinje Kommune.

Gards og bruksnr.: 150 / 1

Oppdragsgjevar: Plankontoret Hallvard Homme

Utarbeidd av : Ragnhild Bjåen

Innleiing

Utbyggjar ynskjer at området Holtardalen skal verte utbygd til hytter og skianlegg. Området ligg innmed Rauland Skisenter, og nye trasear for alpinløyper og langrennsløyper er planlagde saman med hytter. Det vart difor gjennomført ei biologisk mangfald analyse med vekt på planter og dyr.

Frå før av er mykje av dei nærmaste områda bygd ut, både i samband med skisenteret og med hyttefelt.

Samandrag

Feltarbeid vart gjennomført 05.10.09. Botnsjiktet var då dekt av snø og plantene var avblømd, og dei fleste artane vart funne i felt- og busksjikt.

Det vart denne dagen registrert 45 ulike artar. Ut frå vegetasjonsamfunn og planter kan ein dele området inn i desse ulike vegetasjonstypene:

- Blåbærskog av bjørk
- Blåbærskog – høgstaudeskog
- Gamal kulturmark / støy l med innslag av gran
- Fattig mjukmatte / lausbotnmyr
- Rabb-vegetasjon med krekling, blokkebær og blåbær
- Fattig fastmattemyr / sigevassmyr / grasmyr

Dei fleste artane og vegetasjonstypene her tyder på at marka er næringsfattig.

Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller uvanlege artar denne dagen. Men i naturdatabasa til DN (<http://artskart.artsdatabanken.no>) ser det ut som at det er observert 3 truga eller nært truga artar i nærleiken av området:

- Hubro
- Marinøkkel

- Brudespore

Både marinøkkel og brudespore er avhengige av slått og beite, dvs. eit aktivt skjøtselarbeid for å halde oppe ein bestand av arten.

Holtardalen ligg innmed skisenter og hytteområde som frå før av er utbygde.

Metode

Analysen vart gjennomført med ein feltdag 05.10.09. Området vart gått gjennom i høve til vegetasjonsonekartet. Det vart registrert planter og eventuelle sportegn etter dyr.

Veka før hadde det kome eit snølag , og mykje av botnmarka var snødekt. I tillegg til snøen var det meste av planter avblømt. Tilhøva var difor ikkje ideelle for ei slik analyse. Det vart uansett funne ganske mange artar, dei fleste i felt- og busksjiktet. Med tanke på samansetjing av planter og vegetasjonsamfunn kan ein likevel sei ein del om vegetasjonen og artar som ein kan vente å finne i dette området.

Vegetasjonstypane er kategorisert med utgangspunkt i NINA sitt temahefte 12: Vegetasjonstyper i Norge, av Eli Fjermestad.

Ut i frå vegetasjonsonekartet er området delt inn 7 soner. Men ut frå kategorisering av vegetasjonstypar er området er ganske einsarta, med blåbærskog som det dominerande. I tillegg er det ei stor sivevassmyr som går midt i området, samt ein bekkedal som skil seg noko ut frå resten av området.

Klassifisering av vegetasjonstypar

I "Vegetasjonstyper i Norge", NINA temahefte 12 (Fjermstad, E.) finn ein kategorisering av vegetasjonstyper etter visse kriteriar. Ut i frå artane og plantesamfunna som vart registrert i området, er dette dei mest aktuelle vegetasjonstypene:

Blåbærskog (A4)

Den dominerande vegetasjonstypen i området var blåbærskog av bjørk. Etter kategoriseringa vert dette klassifisert som type A4, som er artsfattig skog av gran, furu eller bjørk med vanleg innslag av rogn og einer. Feltsjiktet er dominert av blåbær med eit avgrensa tal lite kravfulle graminidar (gras, storr og liknande artar) og urter. Ofte er botnsjiktet godt utvikla med ulike moseartar, men inneheld lite lav.

Vegetasjonstypa finn ein på fattig til middels næringsrik, veldrenert til frisk grunn. Finnast på ulike typar substrat, spesielt utbreidd på morene. Finnast under ulike eksposisjon- og hellingstilhøve. Jordsmonnet er vanlegvis

jarnpodsol, men humide utformingar har gjerne humuspodsol. pH kring 4,0. Låg (G11) til middels (G14) bonitet.

Denne vegetasjonstypa er den vanlegaste og viktigaste vegetasjonstype i heile landet, og finnast i alle landsdelar og regionar. Bjørk dominerar ofte i unge skogar som er utvikla på tidlegare kulturmark. I nord-boreal sone i mesteparten av landet er det blåbærbjørkeskog med fjellbjørk som er dominerande. Denne typa går ofte over i blåbær-blålynghei.

Forutan treslaga bjørk, einer, gran, furu og rogn er mengdeartar i denne vegetasjonstypa smyle, blåbær, tyttebær, blanksigd, etasjemose og furumose.

Høgstaudebjørkeskog (C2)

Denne vegetasjonstypen finn ein opp mot fjellet og i humide lier på lågare nivå. Vanlegvis bjørkeskog, men utformingar med gran finnast også. Dette er ein artsrik skog, ofte med dominans av høge urter. Fleire av dei er vanlege i fjellskog, som turt og tyrihjel, kvitsoleie og ballblom. Fleire store grasartar finn ein også her, bregner kan vera dominerande. I høgareliggande område finn ein ofte eit stort innslag av lågare urter, m.a. skogstorknebb og fjellartar.

Høgstaudebjørkeskog finn ein mest på morene eller forvittringsjord, i lier med næringsrik, frisk grunn, ofte prega av sigevatn. Skogen har oftast eit godt og stabilt snødekke som hindrar teledanning, men som gjev sein smelting. Han ligg som regel på lune stader der det er lite fare for vårfrost. Skogtypen er produktiv og har høg bonitet.

Denne vegetasjonstypen er også utbreidd i store delar av landet, og er spesielt godt utvikla i nord-boreal sone, samt i mellom-boreal sone i nordvendte, kjølege område.

Mengdeartar er m.a. tyrihjel, skogburkne, turt, skogstorknebb, skogstjerneblom og ballblom. Andre vanlege artar er rogn, skogrørkvein, geitrams, sauetelg, mjørdurt og ulike typar marikåpe.

Fattig fastmattemyr (K3)

I denne vegetasjonstypen varierar busksjikt frå velutvikla til manglande. På ei myr som er på veg til å gro att aukar busksjiktet. Feltsjiktet vert dominert av graminidar, botnsjiktet av torvmose-artar. Urter spelar ei lita rolle i denne vegetasjonstypen.

Fattig fastmattemyr finn ein som store flatar på bakkemyr og flatmyr. Torvdjubda varierar, men bakkemyrane har som regel tynn torv.

Vegetasjonstypen er den vanlegaste myreininga i landet, særleg i område med basefattig mineraljord. Frå nemoral til låg-alpin sone.

Vanlege artar er m.a. dvergbjørk, pors, kvitlyng, tepperot, svelstarr og stjernestar. Mengdeartar er slåttestarr, flaskestarr, duskull, torvull, blåtopp, rome, småbjønnskjepp og ulike typar av torvmose.

Fattig fastmattemyr har ein vidare dela inn i to regionale variaisonar:

Klokkelyng-rome-utforming (K3a) og rundstarr-utforming (K3b).

Klokkelyng-rome-utformingar er den vestlege utforminga og har klokkelyng og rome som mengdeart, medan rundstarr-utforminga er den austlege typen og har rundstarr som mengdeart.

Fattig mjukmatte / lausbotnmyr (K4)

På ei myr som dette er feltsjiktet vanlegvis lågvakse og grissent, men tettare og høgare feltsjikt førekjem også. Botnsjiktet er dominert av torvmoseartar eller manglar heilt.

Fattig mjukmatte / lausbotnmyr kan dominere på store areal på ei flatmyr, eller kan vera som flark (våt, flat senking mellom tuer op minerotrof myr) på strengmyr (ei myr der strengar med langstrakte tue- eller fastmatteparti vekslar med minerotrofe parti). Torva er vanlegvis tykk. Grunnvatnet står i eller nær overflata det meste av vekstperioden.

Vanlege artar er starrartar som trådstarr, stolpestarr, slåttestarr og flaskestarr, I tillegg er duskull, elvesnelle, myrkråkefot og bukkeblad vanleg å finne.

Denne myrtypa er utbreidd i heile landet, og ein kan dele typen vidare inn i tre ulike variasjonar som ikkje varierar med region:

Mjukmatte-utforming (K4a), lausbotn-utforming (K4b) og høgstarr-utforming (K4c).

Høgstarr-utforminga har flaskestarr og elvesnelle som mengdeartar.

Rabbevegetasjon

Rabbevegetasjon er vegetasjon i fjellet på mark som vanlegvis manglar eller berre har eit tynt eller ustabil snødekke om vinteren. Vegetasjonstypene og artane skyr snøen meir eller mindre, men ein skilde artar er ømfintelege mot frost, t.d. dvergbjørk og einer. Vegetasjonstypene som desse artane er karakteristiske for krev eit tynt, men stabilt snødekke. Artar som veks op snøfrie rabbar må tole store temperatursvingingar gjennom året. Dei må tole låge temperaturar om vinteren og sterk oppvarming og tørke om sommaren. Rabbeplantene må også vera vindherdige og vera tilpassa låg jordfuktighet.

Vanlege artar er m.a. rypebær, mjølbær, bergstarr, reinrose, sauesvingel, rabbestiv, greplyng, aksfrytle, gulskinn og kvitkrull.

Innanfor rabbevegetasjon delar ein typen inn i fleire einingar. To av desse er truleg aktuelle i dette området:

Greplyng – lav / moserabb (R1) og dvergbjørk – kreklingrabb (R2)

Greplyng – lav / moserabb (R1)

Artsfattig og svært lågvaksen vegetasjon med ope feltsjikt som er dominert av krypande og forveda artar og nokre graminidar. Botnsjiktet er ofte tett av snøskyannde lavartar av slektene skjeggjav, skinn / skjerpe og tagg. Mosar kan også vera dominerande i botnsjiktet, særleg heigråmose.

Greplyng-lav / moserabb finn ein op snøfattige og sterkt vindeksponerte stader. Ofte på relativt flatt eller jamnt skrånande terreng, men også på avsatsar og hyller og ulend mark med oppstikkande parti. Jorda er tørr og basefattig med tynt humusdekke, ofte med stein og grus, eller direkte på berg.

Mengdeart her er gulskinn.

Dvergbjørk – kreklingrabb (R2)

Busksjiktet i dvergbjørk – kreklingrabb er ofte opprett, men lågt der dvergbjørk er dominerande. I feltsjiktet veks lyngartar, og nokre stader lågvaksen og krypande gråvier. Feltsjiktet er elles dårleg utvikla. I botnsjiktet veks det tett med reinlav-artar eller turketilpassa mosar. Typen har ofte eit preg av mosaikk, der dvergbjørk og / eller lyngdominerte parti vekslar med parti der kryptogamar (vekstar som formeirar seg og spreier seg med sporar) dominerar.

Det kan vera vanskeleg å setje grense mellom R1 og R2, men i dvergbjørk – kreklingrabb er dvergbjørka oppreist og ikkje krypande, og reinlavartar erstattar mykje skjeggjav-, skinn /skjerpe- og taggartar som er dominerande i R1.

Dvergbjørk- kreklingrabb veks også ofte som ei markant sone på rabben nedanfor R1, der det er eit stabilt, men tynt snødekke som gjer at det smeltar tidleg men seinare enn i R1.

Denne vegetasjonstype / eininga er utbreidd i heile fjellkjeda.

Som mengdeartar finn ein dvergbjørk, kvitkrull, reinlavartar og fjellkrekling.

Truga og sårbare artar i Vinje

Etter DN si naturdatabase er desse artane sterkt truga, nært truga eller sårbare i Vinje:

| Status | Latinsk namn / norsk namn | Tal observasjonar | % |
|-------------------|--|----------------------|---|
| EN - Sterkt truet | <i>Botrychium lanceolatum</i> Håndmarinøkkel | 5 | 0 |
| EN - Sterkt truet | <i>Bubo bubo</i> Hubro | 3 | 0 |
| EN - Sterkt truet | <i>Pernis apivorus</i> Vepsevåk | 2 | 0 |
| EN - Sterkt truet | <i>Podiceps auritus</i> Horndykker | 3 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Adscita statices</i> Grønn metallsvermer | 2 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Alectoria sarmentosa</i> Gubbeskjegg | 9 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Anas acuta</i> Stjertand | 1 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Aquila chrysaetos</i> Kongeørn | 14 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Botrychium boreale</i> Fjellmarinøkkel | 4 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Botrychium lunaria</i> Marinøkkel | 48 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Bryoria bicolor</i> Kort trollskjegg | 3 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Bryoria nadvornikiana</i> Sprikeskjegg | 5 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Buteo lagopus</i> Fjellvåk | 65 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Chaenothecopsis viridialba</i> Rimnål | 3 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Charadrius dubius</i> Dverglo | 1 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Cladonia parasitica</i> Furuskjell | 1 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Coturnix coturnix</i> Vaktel | 5 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Cygnus cygnus</i> Sangsvane | 5 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Eremophila alpestris</i> Fjellerke | 32 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Falco peregrinus</i> Vandrefalk | 3 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Falco rusticolus</i> Jaktfalk | 3 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Gallinago media</i> Dobbeltbekkasin | 7 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Gentiana purpurea</i> Søterot | 131 | 1 |
| NT - Nær truet | <i>Gentianella amarella</i> Bittersøte | 1 | 0 |


22.10.09

| | | | |
|----------------|---|-----|---|
| NT - Nær truet | <i>Gentianella campestris</i> ssp. <i>campestris</i> Vanlig bakkesøte | 6 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Gymnadenia conopsea</i> Brudespore | 48 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Larus ridibundus</i> Hettemåke | 19 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Melanitta fusca</i> Sjøorre | 1 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Myosurus minimus</i> Muserumpe | 2 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Numenius arquata</i> Storspøve | 6 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Oenanthe oenanthe</i> Steinskvett | 204 | 1 |
| NT - Nær truet | <i>Pandion haliaetus</i> Fiskeørn | 5 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Picoides tridactylus</i> Tretåspett | 9 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Saxifraga tenuis</i> Grannsildre | 5 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Sturnus vulgaris</i> Stær | 49 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Triturus vulgaris</i> Småsalamander | 10 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Ulmus glabra</i> Alm | 3 | 0 |
| NT - Nær truet | <i>Vanellus vanellus</i> Vipe | 61 | 0 |
| T - Nær truet | <i>Alauda arvensis</i> Sanglerke | 8 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Accipiter gentilis</i> Hønehauk | 9 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Botrychium multifidum</i> Høstmarinøkkel | 1 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Dactylorhiza sambucina</i> Søstermarihånd | 1 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Didymodon tophaceus</i> Tungekurlemose | 1 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Gavia arctica</i> Storlom | 52 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Limicola falcinellus</i> Fjellmyrløper | 1 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Phyteuma spicatum</i> ssp. <i>spicatum</i> Vanlig vadderot | 6 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Pseudorchis albida</i> Hvitkurle | 40 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Streptopelia decaocto</i> Tyrkerdue | 3 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Thalictrum simplex</i> Smalfrøstjerne | 1 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Aythya marila</i> Bergand | 22 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Coleophora frischella</i> | 1 | 0 |
| VU - Sårbar | <i>Dendrocopos minor</i> Dvergspett | 20 | 0 |

Tabell 1 Truga og sårbare artar i Vinje.

Truga eller sårbare artar i Vinje

I kartverket til naturbasa ser ein at i området nær Holtardalen er det gjort ein observasjon av ein marinøkkelart, handmarinøkkel eller haustmarinøkkel.



Figur 1 Artskart over truga planter i Vinje (<http://artskart.artsdatabanken.no/>)

Handmarinøkkel står oppført i raudlista som sterkt truga, medan haustmarinøkkel er oppført som sårbare.


Marinøkkelartane er knytt til slåtte- og beiteenger, beitemark og på enger og heier på fjellet. Dei er avhengige av engane vert slege eller beita for ikkje å forsvinne.

Ein annan art som er observert i nærleiken av Holtardalen er brudespore, gymnadenia conopsea. Denne står som nær truga i raudlista. Brudespore er ein vanleg orkidé i Norge, men planta må ha litt kalk i jorda. Habitatet varierar heilt frå knastørr skog til søkkvåt myr. Brudespore var tidlegare vanleg på ugjødsla slåtteenger i kalkrike strom.

Truga eller sårbare fugle- og dyreartar i Vinje

Av databasa ser ein at det er særleg ugler og rovfuglar som står oppført som sterk- eller nær truga. Hubro står som sterkt truga, likeeins vepsevåk. Kongeørn og fleire falkar står som nær truga. I tillegg er fuglar knytt til våtmarksområde sjeldne og truga.

Etter artskartet er det gjort ein obsevarsjon av hubro i nærleiken av Rauland Høgfjellshotell.



Figur 2 Artskart over truga fugleartar i Vinje (<http://artskart.artsdatabanken.no/>).

Verneområde og prioriterte naturtyper

Holtardalen er ikkje ein del av noko verneområde eller prioriterte naturtyper.

Skildring av området

Området ligg i helling mot nord-vest. Mykje av området har ei jamn helling, medan det i den nordre og austare kanten er ganske bratt. Det er ein markant kolle i nord- aust. I austre delen er det også ei lang sivevassmyr som går gjennom heile området. Elles er det blåbærskog av bjørk som dominerar med innslag av raun, gran og furu.

Dei ulike sonene vert her skildra:

Sone 1: Blåbærskog av bjørk med innslag av gran

Området har ei jamn helling mot nord-vest. Bjørkeskogen er nokså open, og det ligg berg og stein ope i dagen. Bjørkestammene har mykje skjegg / lav. Ned mot bekkedalen vert marka fuktigare og ein får meir gras / myr-vegetasjon. I nokre delar av området er tyttebær ein mengdeart, elles er det blåbær som dominerar. Krekling finn ein også ein del av. Dette dei vanlegaste

artane i feltsjiktet. I busk- og tresjiktet finn ein her mest bjørk, einer og rogn saman med noko gran.

Det går ein sti frå varmestova gjennom dette området.



Sone 2: Gamal kulturmark / støy

Området er truleg ein gamal støyvull, det ligg restar etter ei bu her også. Dette vert rekna som eit kulturminne. Vollen har truleg vorte beita tidlegare, her er det finnskjegg som dominerar. No er vollen nokså grodd att med bjørk.

Helling mot nord-vest, liknar mykje på sone 1 i vegetasjon. I nordleg del vert området bratt. Her kjem ein også nærme alpinløype. Mot aust i går området opp mot kullen der rabb-vegetasjon tar over. Rett vest for kullen er det meir

22.10.09

open bjørkeskog med mindre myrdrag. Gjennom området renn ein bekk med ein markant bekkedal. Ned mot bekkedalen er marka fuktigare og her er meir gras / myr-vegetasjon. Mot austleg kant av sona, i overgangen med sone 5 som er den stor sigevassmyra, er vegetasjonen frodigare og hellinga sørvendt. Her er det også meir blokkmark, med raun, bjørk og delvis høgstaudevegetasjon.



Sone 4: Kolle. Rabb-vegetasjon med krekling, blokkebær og blåbær

Bratt og snautt berg, vendt mot sør - vest. Feltsjiktet her er dominert av krekling og blokkebær. I sørhellinga rikare vegetasjon med bjørk, raun og urter.



Sone 5: Fattig fastmattemyr / sigevassmyr / grasmyr

Stort myrdrag med jamn helling mot nord-vest. I kantsonene er det blåbærhei med furu og blandingskog. I utgangspunktet skulle ein tru dette var eit godt område for skogsfugl og småvilt, då slike myrar har god tilgong på insekt og kantvegetasjon til å gøyme seg i. Det er ikkje observert spesielle beitetre kring denne myra.



Sone 6: Blåbærskog - høgstaudeskog

Dette området er flatare og meir fuktig enn sone 3. Vegetasjonen har meir gras og vier, men framleis blåbærskog som det mest dominerande.



22.10.09

Sone 7: Fattig mjukmatte / lausbotnmyr

Fuktig og blaut myr. Grensar mot eksisterande skiløype.



Resultat

Botanikk

Det vart funne 55 planteartar i området.

Artsliste

| Norsk | Latinsk | Sone | Sone | Sone | Sone | Sone | Sone | Sone | Sone | Merknad |
|----------------|-------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|---------|
| Bjønnskjegg | Trichophorum cespitosum | | | | | | 5 | | | |
| Bjørk | Betulaceae pubescens | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | |
| Blokkebær | Vaccinium uliginosum | | 2 | | 4 | 5 | 6 | | | |
| Blåbær | Vaccinium myrtillus | 1 | | 3 | 4 | 5 | 6 | | | |
| Blåtopp | Molina caerulea | | 2 | 3 | | | | | | |
| Dvergbjørk | Betulaceae nana | | | | | 5 | | | | |
| Einer | Juniperus communis | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | | | |
| Engkvein | Agrostis capillaris | | | 3 | | | | | | |
| Engmarikåpe | Alchemilla subcrenata | 1 | | | | | | | | |
| Engsyre | Rumex acetosa | 1 | | | | | | | | |
| Finnskjegg | Nardus stricta | | 2 | 3 | | 5 | | | | |
| Fjellmarikåpe | Alchemilla alpina | 1 | | | | | | | | |
| Fjelltimotei | Phleum alpinum | | | 3 | | | | | | |
| Flaskestarr | Carex rostrata | | | | | | | | 7 | |
| Furu | Picea sylvestris | 1 | | 3 | | | 6 | | | |
| Gran | Picea abies | 1 | 2 | | | | 6 | | | |
| Gulaks | Anthoxanthum odoratum | | | 3 | | | | | | |
| Gullris | Solidago virgaurea | 1 | | 3 | | | 6 | | | |
| Gulstarr | Carex flava | | | | | | | | 7 | |
| Hengeving | Phegopteris connectilis | 1 | | 3 | | | 6 | | | |
| Hårfrytle | Luzula pilosa | 1 | 2 | | | | | | | |
| Krekling | Empetraceae nigrum | 1 | | 3 | 4 | 5 | | | | |
| Kvitbladtistel | Cirsium helenioides | 1 | | | | | | | | |
| Kvitlyng | Andromeda polifolia | | | | | 5 | | | | |
| Myrhatt | Potentilla palustris | 1 | | | | | | | 7 | |

| | | | | | | | |
|-----------------|--------------------------|---|---|---|---|---|-----|
| Duskmyrull | Eriophorum angustifolium | | | | | | 7 |
| Perlevintergrøn | Pyrolaceae minor | | | | | | 6 |
| Rogn | Sorbus aucuparia | 1 | | 3 | 4 | | 6 |
| Røsslyng | Calluna vulgaris | | | | | 5 | |
| Sauetelg | D.expansa | 1 | | 3 | | | |
| Selje | Salix caprea | 1 | | | | | |
| Seterfrytle | Luzula frigida | | 2 | | | | |
| Seterrapp | Poa alpigena | | 2 | | | | |
| Skogrørkvein | Calmagrostis purpurea | | | 3 | | | 6 7 |
| Skogstorknebb | Geraniceae sylvaticum | | | | | | 6 |
| Slåttestarr | Carex nigra | | | 3 | | 5 | |
| Smyle | Deschampsia flexuosa | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| Småsyre | Rumex acetosella | 1 | | | | | |
| <i>Snelle</i> | <i>Equisetaceae spp.</i> | | | | | | 6 |
| Stjernestarr | Carex echinata | | 2 | | | | |
| Stri kråkefot | Lycopodiaceae annotinum | 1 | | 3 | | | 6 |
| Sveltstarr | Carex pauciflora | | | | | 5 | |
| Sølvbunke | Deschampsia cespitosa | | 2 | 3 | | | 6 |
| Tepperot | Potentilla erecta | 1 | | 3 | | 5 | 6 |
| Timotei | Phleum pratense | | | | | | 6 |
| Torvmyrull | Eriophorum vaginatum | | | | | 5 | 7 |
| Trådsiv | Juncaeeae filiformis | | 2 | 3 | | | |
| Tyrihjelm | Acontium septentrionale | 1 | | | | | |
| Tyttebær | Vaccinium vitis-idaea | 1 | | | 4 | 5 | 6 |
| VierGrønvier | Salix phylicifolia | 1 | | 3 | | 5 | 6 7 |
| VierLappvier | Salix lapponum | 1 | | 3 | | 5 | 6 7 |
| VierSølvvier | Salix glauca | 1 | | 3 | | 5 | 6 7 |

Tabell 2 Registrerte artar i området.



Dyreliv

Det er ikkje registrert noko villreintrekk i området. Feltdagen var det sett nokre spor teikn etter dyr.

Spor teikn

Maurtuve – gamal og ny

Spor etter hare

Spor etter rjupe / orrfugl

Bokfink

Ramn

Tabell 3 Registrerte spor teikn i området.



Drøfting

Dei registrerte artane høver godt med det ein kan vente å finne ut frå beskrivingane av "Vegetasjonstyper i Norge" (NINA temahefte 12). Fleire av dei registrerte artane går att i alle vegetasjonsonene. Ut frå inndelinga kan ein sei at det er blåbærbjørkeskog som er dominerande i området, samt eit større område med fattig fastmattemyr. I tillegg er det innslag av rabbvegetasjon og fattig mjukmatte / lausbotnmyr. Alle desse vegetasjonstypene er vanlege og mykje utbreidde. Dei registrerte artane og vegetasjonstypene tyder på at det er næringsfattig mark.

Noko av området er gamal kulturmark som no er i ferd me å gro att. Støylsvollar med restar etter bygningar som det er her vert rekna som kulturminne. Finnskjegg tyder på at det er tidlegare beitemark. Kanskje har området også vorte nytta som utmarkslått. Dersom ein skulle drive noko form for skjøtsel av dette området, ville det vera å rydde den gamle vollen og ha beitedyr her.

Det større myrområdet er ei grasmyr med kantvegetasjon av furu, einer, blokkebær og blåbær. Slike myrar kan vera attraktive og viktige for fleire fugleartar, m.a. skogsfugl og storfugl. Her vart det ikkje sett noko tre som såg ut som spesielle beitetre, heller ikkje spor eller sporteikn bortsett frå spor i bjørkeskogen som truleg var av rjupe (utydelege i snoen).

Ut frå DN si naturbase er det registrert tre raudlisteartar som er oppført som "sterk truga" eller "nært truga" i nærleiken av Holtardalen. Det er av ein hubro, marinøkkel og brudespore.

Observasjonen av hubro var innmed Rauland Høgfjellshotell, som ligg nokre kilometer lenger nord.

Marinøkkel er ei kulturplante som er avhengig av beite og slått for å kunne overleve.

Brudespore er ein ganske vanleg orkide som veks på kalkhaldig jord. Men også brudespore er ei plante som veks på naturbeite og slåttemark og er difor avhengig av at habitatet vert halde i hevd.

Holtardalen ligg tett innmed skiløyper og hytteområde som allereie er utbygd.

Kjelder og litteratur

Mossberg, B., Stenberg, L., Ericsson, S. 1995. Gyldendals store nordiske flora. Gyldendal Norsk Forlag. ISBN 82-05-22561-3

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12: 1-279. ISBN 82-426-0784-2

<http://www.skogoglandskap.no>

<http://artskart.artsdatabanken.no>